



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Marit Lunde
Telefon: 57643005
E-post: fmsfmlu@fylkesmannen.no

Vår dato
10.05.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/2079 -
Dykkar referanse

Til kommunane i Sogn og Fjordane

Revidert nasjonalbudsjett 2013 og kommuneproposisjonen 2014

På bakgrunn av kommuneproposisjon 2014 og revidert nasjonalbudsjett 2013, ønskjer vi å gi ei kortfatta oversikt over dei viktigaste momenta i kommuneopplegget for 2013 og 2014.

Revidert nasjonalbudsjett 2013

Samanlikna med nasjonalbudsjettet for 2013 er det mindre endringar i RNB:

- Skatteanslaget for kommunesektoren er uendra. Skatteinntektene for 2012 vart 0,7 milliardar kroner høgare enn det som vart lagt til grunn i nasjonalbudsjettet for 2013. Isolert sett skulle dette tilseie ei tilsvarende oppjustering av skatteinntektene i 2013. Samstundes er anslag på lønnsvekst i 2013 justert ned frå 4 til 3,5 prosent på bakgrunn av lønnsoppgjæret. Nedjustering av lønnsveksten avlastar kommunanes utgifter, men trekk òg ned veksten i skatteinntektene. Skatteveksten i 2012 på 0,7 mrd. kroner er ikkje vidareført, og etter ei samla vurdering er skatteanslaget i 2013 uendra.
- Minimumstilskotet til ikkje-kommunale barnehagar vert auka. I nasjonalbudsjettet for 2013 vart det vedteke å auke tilskotet frå 92 til 94 prosent av det kommunale barnehagar mottak i offentleg finansiering. Auken skulle gjerast gjeldande frå 1. august. I RNB vert det føreslege at tilskotet vert auka til 96 prosent frå same tidspunkt. Rammetilskotet til kommunane vert auka med 60 millionar kroner som fylgje av dette.
- Tilskot til utleigebustader. Tilskotsramma vert auka med 33 mill. kroner, til totalt 522 mill. kroner. Det vert også varsla i kommuneproposisjonen at regjeringa vil styrke ramma med ytterligare 67 mill. kroner i 2014. Dette støttar opp under kommunanes bustadsosiale arbeid ved at fleire kan få tilsegn om fleire utleigebustader for flyktingar og andre vanskelegstilte grupper.

Anslag på kostnadsvekst (deflator) i kommunesektoren i 2013 er justert ned frå 3,3 % i nasjonalbudsjettet til 3 %. I dette utgjer lønnsvekst 2/3, og prisvekst 1/3. Anslaget på lønnsvekst (gjennomsnitt for alle sektorar) er justert ned frå 4 % i nasjonalbudsjettet til 3,5 %, basert på ferdigforhandla lønnsoppgjæret. At deflatoren vert justert ned bidreg isolert sett til å trekkje opp den reelle inntektsveksten med 1 mrd. kroner, ettersom kommunesektoren allereie er kompensert for pris- og lønnsvekst i nasjonalbudsjettet (med 4 %).

Kommuneproposisjonen 2014

- Frå revidert nasjonalbudsjett 2013 blir det lagt opp til ein vekst i samla inntekter for kommunesektoren på mellom 6 og 6,5 mrd. kroner. Av dette vil mellom 5 og 5,5 mrd. kroner vere frie inntekter.
- Inntektsveksten må sjåast i samanheng med ein auke av utgiftene i kommunesektoren som følgje av folketalsvekst. Om lag 2,8 mrd. kroner av veksten i frie inntekter går med til å dekke meirutgifter knytt til den demografiske utviklinga.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

- Kommunanes pensjonspremiar har auka sterkt dei seinare år. Premienivået vil vere høgt også i 2013 som følgje av at Finanstilsynet har pålagt pensjonsordningane å ta høgde for auka levealder i pensjonssparinga. Det høge premienivået i 2013 bidreg til ein vekst i dei rekneskapsmessige pensjonskostnadene for 2014. Kostnadsveksten er avhengig av blant anna innstramma i berekningsgrunnlaget, noko som vert teke stilling til i haust.
- Av veksten i frie inntekter går mellom 4 og 4,5 mrd. kroner til kommunane. Realveksten i frie inntekter for 2014 vert då mellom 1,6 og 1,8 %.

Statlege styringssignal.

Busetjing av flyktingar:

- I 2014 vil regjeringa leggje inn ein realauke av integreringstilskotet på 250 mill. kroner. Ein reell auke i tilskotssatsane vil gi ei betring av kommunanes rammevilkår for busetjing av flyktingar.
- Tilsegnssramma for utleigebustader er auka både i RNB 2013 og i 2014.
- Ny avtale om busetjing av flyktingar i kommunane og om etablering og nedlegging av asylmottak samt omsorgssenter er inngått mellom departement og KS.

Skjønnsramma 2014:

- Basisramma vert sett til 995,5 mill. kroner for kommunane. Dette er same nominelle nivå som i 2013.

Oppdatering av inntektssystemet:

- Ei oppdatering av kostnadsnøklane i inntektssystemet for kommunane vert framlagt i kommuneproposisjonen for 2016.

Stortingsmeldinga – *morgendagens omsorg*:

- Eit innovasjonsprogram innanfor omsorg som omhandlar velferdsteknologi, pårørandeomsorg og frivilligheit. Det er avsett 100 mill. kroner til dette i RNB 2013.

Folkehelsemeldinga:

- Ei styrking av folkehelsearbeidet ved at det i RNB 2013 vert ei auke i tilskota til frisklivssentralar på 14 mill. kroner. Det kjem ei auke i ramma til KS på 6 mill. kroner til å etablere eit folkehelsenettverk mellom kommunar. Av veksten i frie inntekter til kommunane er 180 mill. kroner tenkt fordelt etter behov for å styrke helsestasjons- og skulehelsetenesta som ei oppfølging av folkehelsemeldinga.

Samhandlingsreforma:

- Reforma er på rett veg, men for tidleg å konkludere om alle sider i reforma. Kommunane tek i mot utskrivingsklare pasientar, og det blir fleire og betre tilbod i kommunane. Kommunane har hatt meirutgifter på ca. 120 mill. kroner i samanlikna med det som vert overført kommunane frå sjukehusa. Dette vert ikkje kompensert. Innføring av kommunal medfinansiering innanfor psykisk helsevern og rus er utsett.

Endeleg tal for vekst for kommunane i Sogn og Fjordane vil vere klare i statsbudsjettet for 2014. Kommunane kan nytte seg av framskrivingar som viser korleis demografi og arbeidskraftbehov er forventa framover. Sjå lenkje : www.regjeringen.no/framskrivingar

Med helsing

Anne Karin Hamre

Marit Lunde
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til